17. Grindbygg 2 (243/306)

**Plassering på kaien, og nytta til lagring/utstilling av båtar**

18. Grindbygg 3 (243/306)

**Liten sjøbu på kaien. Ferdigstilt ved gjenbruk av bøljeblikk og anna materialar frå tidlegare prosjekt, ansvarleg vår handverkar Tor Bjørge.**

**Alle tre grindbygga har sin utspring kurs i grindbygging.**

19. Nothengja på Hellesøy
Øygarden Kommune eig Nothengja. Øygarden kommune fekk Hengjo i gåve, og grunneigarar vart løyst ut. Museet ved Stiftinga Kystmuseet i Øygarden har inngått avtale med Hengjos Venner om utvikling og drift av kulturminnet. Lokalbefolkninga ved «Hengjos Venner» har i lengre tid arbeida for at ein skulle ta vare på, og ta i bruk Hengjo til beste for bygda og kommunen. I meldingsåret 2024 var styreleiar Børge Haugetun representant til styret Stiftinga Hengjos venner.

20. Kaiområde - Taremarekaien (243/306)
Det går fram av møtebok for «Hjelme & Herdlø D/S» at den gamle kaia i Ovågen vart bygd i 1924. Den var i mange år knytt til rutetrafikken mellom Øygarden og Bergen. Dei gamle kaianlegga i Øygarden er i ferd med å forsvinna. Kaia i Ovågen er difor verneverdig, og er særs verdifull for regionen og for museet.

Kommunestyret har regulert den gamle dampskipskaien til museumsområdet, og kommunen har kjøpt kaien. Sjølve kaien vart mura opp som tørrmur, og ligg i forlenging av den kommunale vegen. I dag har den eit støypt dekke på ca 250 kvm. Kaisida er 20 meter i front, og djupna ved kai er 3,5 / 4 meter. I 2019 vart den store kaia på Kystmuseet fullført. (433 m2 med naturstein).

Kaia har areal for bading og friluftsaktivitetar (Taremare Sjøbad). I 2024 vart kaiområdet i tillegg testa ut som festivalområde. Her måtte det mykje logistikk og fasilitering til, men området viste seg særs godt eigna for ein slik festival. Det som festivalen viste er at det truleg trengs meir fasilitering for straum, benkar og telt. Bortsett frå kaldt og dårleg ver, som gjorde at festivalen vart noko dårleg besøkt, fungerte alt anna.





*Taremarestranda og Brrrent Lyng-festivalen*

21. Båtverkstaden - Taremareslippen (243/306)
    Arbeidsnaustet for vøling av båtar og bygg vart reist og ferdigstilt (ytre del) hausten 2022. Bygget er per 2024 eit råbygg, og det må på plass eige prosjekt for å fylle bygget med innhald og interiør. Arbeidet med å lage til konsept for innhald og drift av taremareslippen vart starta januar 2025, og er ferdig innan mai 2025.

22. Bosshus (243/19)
    Bosshuset stod ferdig i 2022

23. Museumsanlegg (243/19)
    Kystmuseet har kring 11 mål med uteareal som kvart år vert halde godt ved like. I 2023 vart badestranda ved Taremarekaien oppgradert med sand, bryggje, tryggingsnett og plen. Denne stranda viste seg særs populær sommaren 2023 og 2024. Området sørvest for hovudbygget fekk også ein oppgradering.

## Generelt om bygnings- og eigedomsmasse – orden i eige hus 2030?

I 2022-2024 har det blitt gjennomført eit større arbeid på å få oversikt over tilstand på bygningsmasse og uteareal. Realiteten er at delar av hovudbygget står ovanfor ein del både mindre og større vedlikehaldsoppgåver; uteareala har fått ein plan for utvikling og vedlikehald; det er stor plassmangel i dei fleste lokalitetane; det er behov skilting knytt til logistikk, informasjon og formidling. Det mest vesentlege som vart peika på opp mot ØK i 2023 og 2024 er tilstanden til vindusfasaden, manglande tryggleiksgjerdet ved kaiområde, og rote kaidekke i eik. Alt er meldt inn til kommunen, då dette er å rekna som større vedlikehald. Det vart hausten 2024 gjennomført møte med dåverande leiar eigedomsforvaltning om dialogform og tydleggjering av ansvarstilhøve for drift og vedlikehald. Leiar av eigedomsforvaltning skal leggje fram forslag til avtale.

## Kystmuseet i endring

Dagleg leiar på KiØ har vore i stillinga i nærare tre år, og har nytta tida på å få innsikt over utfordringar og moglegheiter.

Årsmeldinga 2024 vil difor gje eit bilete på reell situasjon, både i forhold til stiftinga Kystmuseet i Øygarden sitt ansvar knytt til eigedomsforvaltinga, og Museum Vest sitt museale ansvarsområde.

Kystmuséet har sidan starten i 1996 vore eit kulturhistorisk økomuseum med særleg fagkunnskap knytt til kystkulturen i Hordaland generelt og til området Øygarden spesielt. Mykje har skjedd sidan den gongen, dømesvis at norske museum no skal ha større fokus på inntening, opplevïng og berekraft (Sjå også *Strategisk veikart for Museum Vest*). I tillegg er museet no ein del av storkommunen Øygarden, som betyr at tilfanget av forvaltingsområde er mykje større. I 2024 har det også auka på med førespurnader frå heile Øygarden kommune. I tillegg gjev det større geografiske området krav til ny tenking kring tematikk, omfang og formidling. Eit døme på at KiØ tek eit større ansvar, er utforminga av jubileumsutstillinga til Fjell kyrkje i 2024. Denne utstillinga vart særs godt besøkt, og godt motteke. Det vart og arbeida med ny formidling av bunkeren på Neshaugen, som skal inngå i

9

formidlingstilbodet til museet. Historisk vandring på sjø med Vestgar i samarbeid med Øygarden sogelag, er og eit døme på at museet strekk seg utover sin geografiske plassering.

Hovudbygget til muséet gjev assosiasjonar til dei store sjøhusa. Det ligg tett ved den gamle dampskipskaien og naustmiljøet i Ovågen. Til museet høyrer fleire autentiske bygg, mellom anna fleire naust, ei stor saltebu og to bustadhus. I 2022/23 vart skifertaket på Saltebua skifta, og Båtverkstaden (Taremareslippen) reist. Like ved museet ligg ei samling privateigde naust og sjøbuer. Her finn ein og Steinbåten, ein steingard oppmura under vatn, og denne er frå tida då vågen var kasteplass etter sild og makrell. Til saman utgjer dette eit tradisjonelt sjøbruksmiljø og eit levande kulturminne, til inspirasjon for anna byggjeverksemd i kommunen.

Kystmuseet har hatt som mål å synleggjera samanhengen mellom den historiske og dagens kystkultur, med eit særleg søkelys på energi, ressursar og berekraft. Kystmuseet i Øygarden er eit museum som bør formidla den lange busettingshistoria frå steinalder, 11 000 år attende, fram til moderne olje- og gass-samfunn – «11000 år attende, og inn i framtida». Kystmuseet i Øygarden er vald som ein av kommunen sine tre tusenårsstadar. Museet har ei fast utstilling, "Livet ved havet", som tek for seg korleis kystfolket har nytta energi og ressursar gjennom historia. Museet har til saman 18 bygningar (pr. 2023) som syner ulike typar hus som fans i den gamle fiskarkulturen. Museet har også ei stor båtsamling.

Ut i frå at Kystmuseet også vert påverka av samfunnsendringar, bør det leggast opp til ei endring av museet sitt føremål reint fagleg. Endringa av regionalt og nedslagsfelt i forhold til tid og rom, digitalisering, det grøne skiftet, plassmangel knytt til både gjenstandar og utstillingar, og innspel knytt til at museet skal ha fleire oppgåver knytt til oppleving og reiseliv, gjer at stiftinga bør gjennomføra ein prosess der vi ser på korleis museet skal leggja om delar av kursen. I løpet av 2025 skal Museum Vest rullera sin strategiske plan, og noko av retningsendringa kan gå inn her.

## 3. FORVALTNING

### 3.1 Gjenstandar, arkiv og foto

**Samling/forvaltning:**
Forvaltningsarbeidet ved Kystmuseet i Øygarden har mellom anna hatt som mål å gjennomgå dei forskjellige gjenstandskategoriene for å gjera opp status og kvalitetssikra samlingane. Dette arbeidet har blitt teke opp med større styrke i 2023/24. Arkivet har hatt inne ekstraressursar frå Statsarkivet i Bergen og Bevaringstenesta, samt at arbeidet med å få meir oversikt over tilstand, bevaringstilhøve etc. har intensivert. Det er ingen tvil om at det er stor plassmangel, stort behov for registrering, avhending, m.m. i høve til føremålet til stiftinga Kystmuseet i Øygarden. Med bakgrunn i dette arbeidet, har museet difor sidan september 2022 praktisert inntaksstopp. Kystmuseet har i løpet av 2024 fått meir «orden i eige hus», og har soleis opna delvis opp for inntak av materiale igjen.

I perioden september 2023 til april 2024 vart det gjennomført ein reorg av magasinet i hovudbygget. Dette er truleg det største forvaltingsløftet museet har hatt sidan starten. Som ved vøling av eldre hus, dukka det opp utfordringar ein ikkje hadde venta. Dette gjorde at heile prosjektet tok over 2 månader lenger enn rekna. Alt av gjenstandar vart reingjort, registrert, og frakta ut av magasinet, før arbeidet med å totalt rehabilitere rommet. Alle hyller vart fjerna, to utbygde veggar vart river bort og fjerna. Omnar og lysarmatur vart fjerna, og rullemagasin vart flytta frå nord til sør i rommet. Alle overflatar vart vaska av, samt behandla med tettingsmiddel og spesialmaling.

Talet på kulturhistoriske gjenstandar i Kystmuseet si samlingar er under revidering etter reorg, og vil difor ikkje vere tilgjengeleg med reelle tal for 2024.

**3.2 Båtar**

Talet på båtar i samlinga er i meldingsåret 31 (26 på land og 6 flytande), 4 kanoar og 6 kajakkar. Det har det vore ein gjennomgang og aksesjon av båtsamling. Båtplan for Vestland vart ferdigstilt, og følgjer ved årsmeldinga. Ein båt vart avhenda, og fleire båtar er vurdert avhenda, då dei ikkje fell inn under kjernesamlinga til museet. Det er likevel ikkje plass til fleire båtar slik situasjonen var i meldingsåret. Fleire av båtane vi har i samlinga, gjenstand/rekvisitt, ber preg av behov for vedlikehald. Det er eit stort behov for å samla båtane vi har i eit nytt visningssenter. Dette bør løftast fram som eit behov i løpet av 2024.

## 4. FORMIDLING, FOU ARBEID

**4.1 Formidling:**

Forskning/FOU arbeid:

- I 2024 arrangerte vi Berekraftsveko i Øygarden for andre gong. Arrangementa var godt besøkt, og særskilt nyvinninga Berekraftsdebatten vart godt motteke.
- Kystmuseet samarbeider Skjærgardsheim leirskule om formidling til elevar frå heile Vestland fylke.
  PIN turen "12 000 år på nitti minutter – formidling til publikum om Øygardshistoria er populær.
- Det var ein del skulelevar var innom Fiskeforskarskulen ved Taremare, men i 2024 var det ein markant nedgang i skulebesøk. Dette leia også til dialog med både oppvekstsjef og skulesjef om meir struktur og dynamikk på besøk frå skulane. Kystmuseet i Øygarden peika på ønskje om at kvar elev i Øygardsskulane var innom museet minst to gongar i løpet av sin skuletid. Flaskehalsen er dessverre kostnadene skulane har til frakt av elevane.
- Særs mange cruiseturistar var innom visningssenteret for laks, og potensialet for å få fleire besøkande er stort.
- I samarbeid med Equinor vart det i 2023 ferdigstilt eit nytt brettspel – *Energirør – Spel deg klok, og lær meir om energi.* Spelet har også ei eiga nettside knytt til, samt eit undervisningsopplegg.

- Utviklingsprosjekt knytt til Taremare Hav- og berekraftsenter vart starta opp sommaren 2022 med besøk av Akvariet i Bergen, NORCE og UiB. I 2023 starta prosjektet opp reint praktisk, og det vart kjøpt inn ein del utstyr til undervisinga i Taremare Hav- og berekraftssenter.
- Leiar v/ Kystmuseet har redaktør-medansvar og formidlar er fotoredaktør for den kulturhistoriske årboka Havstrilen. I tillegg produserte tilsette ved Kystmuseet to artiklar her i 2024.
- Planlegginga av utstillingsmodulen «Berekraftig barndom?» starta opp vinteren 2023, og skal vere klar innan sommaren 2025.
- Museet samarbeider med AHKR ved UiB om metodekurs for arkeologistudentar, og gjennom utgravingane på Hjartøy har de kome mykje ny kunnskap som bør formildast i framtida.
- Forteljarkveldane har etablert seg, og stort sett vart det utselde arrangement. Særskilt eitt om vikingtida og vikingskip i Øygarden har utløyst nye moglegheiter for formidling.

**4.2 Kulturarrangement:**






- Fleire forteljarkveldar gjennom heile året.
- Halloweenfeiringa vert stadig meir populær
- Badefestivalen i juni/august vart diverre avlyst grunne særs dårleg ver
- Festivalen Brrent Lyng vart arrangert første gong. Også den vart diverre prega av dårleg ver, og soleis mindre publikum enn venta, men gjennomført utan utfordringar elles.

I fjor vart besøkstalet diverre særs dårleg grunna nedstenginga av visningssenteret for laks grunna sjukdom i vår region.  Mellom 3000-4000 færre besøkande som og medførte rundt

12

kr. 500.000 i inntektstap. Hadde vi hatt eit normalår i forhold til laks hadde vi vonleg nådd målet om 10000 besøkande. Situasjonen har peika på kor sårbar museet er for både besøkstal, inntekter og omdøme. Museet treng difor fleire bein å stå på frametter.

**4.3 Samarbeid:**

- Tidlegare leiar ved Kystmuseet er med i arbeidsgruppa for Øygarden kommune gards- og ættesoga.
- Kystmuseet ved leiar er med  å drifte *Det nasjonale nettverket for fiskerihistorie og kystkultur*. Nettverket  omfattar 24 museum langs heile norskekysten.
- Samarbeid med Nordsjøfartmuseet og dei tre sogelaga i kommunen om å gje ut den kulturhistoriske årboka *Havstrilen*.
- Samarbeid med UIB arkeologi om metodekurs og utgraving på Hjartøy, samt planlegging av eit nytt større forskingsprosjekt med arbeidstittel *REKARK*.
- Samarbeid med UiB Naturhistorisk institutt, om prosjektet *MarDiva*.
- Samarbeid med Øygarden kommune, både når det gjeld drift og vedlikehald av eigedomsmassen, samt når det gjeld kultur.
- Samarbeid med Equinor om brettspelet *Energirør – Spel deg klok, og lær meir om energi*  i Taremare Hav- og berekraftssenter
- Samarbeid med fleire cruiseselskap
- Samarbeid med Blom Laks AS om Visningsenteret for laks

**4.5 Mangfold og inkludering:**

1. Kystmuseet hadde i 2024 tre tilsette med lønstilskot gjennom NAV. Begge delok i museet sitt ordinære arbeid, og gjer eit utmerka arbeid.

2. På festivalen Brrrent Lyng var det invitert inn krigsveteraner gjennom *Veteraner Øygarden* som fekk gratisbillettar kvar dag.

3. Det vart invitert inn til gratis kino gjennom heile sommaresesongen, og gratis aktivitetar i alle skuleferiane, samt på Halloween.

**Universell utforming:**

Den faste utstillinga er stort sett tilrettelagt for rullestolbrukarar, til liks med heile museumsbygningen og nybygget Taremare. I 2023 vart det lagt til rette for rullande ved sti vest for hovudbygg ned mot terrasse.

Det må likevel visast til nokre betringspunkt:

- Toaletta treng tilrettelagte dørar.

- naudutgong ut mot terrasse må skiftast ut.

- heis i hovudbygget er særs lite funksjonell, og bør vurderast skiftast.

- uteområdet treng fleire tiltak ulike stader for å gjera universell utforming mogleg.

**4.6 Immateriell kulturarv:**
Kystmuseet har bygd opp ei smie der vi formidlar kunnskap om smiding til barn og unge.
I samband med gjennomgang reiskapar og vedlikehald av våre tradisjonsbåtar har lokale informantar bidratt med erfarings- lokalkunnskap. Dei har også hjelpe oss med registreringar og dokumentasjon.

Det er generelt behov for meir fokus på dette området i åra som kjem. Særskilt gjeld dette dokumentering i form av intervju og bilete/video. Her har museet vore i dialog med alle sogelaga om eit større fellesprosjekt knytt til innsamling av intervju, dokument og bilete.

Det vert også eit vidare fokus på å arrangere fleire kurs knytt til grindverksbygging, smiing, vøling av båtar o.l. i samarbeid med lokale aktørar.

**5.FORNYIING**

---

**Fornying i 2024**

1) Taremarekaia: Oppgradering av strand for småbarnsfamiliar, og tilrettelegging for større arrangement.
2) Oppgradering av uteområde, samt generelt mindre vedlikehald på byggmasse.
3) Total restaurering av naust Breivika.
4) Nytt magasin
5) Brannalarm i Saltebua
6) Arbeid med nye utstillingsmodular (Båtutstilling i grindbygg og utstillinga «Berekraftig barndom?») starta hausten 2024.
7) Jubileumsutstilling for Fjell kyrkje ferdigstilt august 2024.

**6.ØKONOMI**

---

Sjå vedlegg frå revisor: *Årsrekneskap 2024 Kystmuseet i Øygarden*
Budsjett lagt ved som eige vedlegg

***7. YTRE MILJØ***

---

Stiftinga har inga verksemd som påverkar det ytre miljø.

**8. KOMMENTARAR TIL DRIFTSREGNSKAPET**
Punkt 3 – 5 gjeld kommentarar til driftsregnskapet og er til styret sin orientering. Drifta av Kystmuseet er ifølge driftsavtale overført til Museum Vest.

Øygarden den 06.05.2025

| | | |
|---|---|---|
| Børge Haugetun<br>Styreleiar | Kristin Jacobsen<br>Nestleiar | Kjersti Nordøy<br>Styremedlem |
| Jacob Hellesund<br>Styremedlem | Målfred Rong<br>Styremedlem | Lennart Fjell<br>Leiar Kystmuseet |

15

# Årsrekneskap 2024

# Kystmuseet i Øygarden

Resultat

Balanse

Org.nr.: 979 975 724

# Resultat

Kystmuseet i Øygarden

| Driftsinntekter og driftskostnadar | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| Tilskot | 2 | 771 616 | 381 000 |
| **Sum driftsinntekter** | | **771 616** | **381 000** |
| Godtgjerdsle til styre og bedriftsforsamling | | -11 250 | |
| **Sum styregodgjersle** | 3 | **-11 250** | |
| Annen driftskostnad | | -784 442 | -441 565 |
| **Sum driftskostnadar** | 3 | **-795 692** | **-441 565** |
| **Driftsresultat** | | **-24 076** | **-60 565** |
| **Finansinntekter og finanskostnadar** | | | |
| Renteinntekt fra foretak i samme konsern | | 4 967 | 3 210 |
| Annen renteinntekt | | 22 838 | 25 702 |
| Annen rentekostnad | | -1 429 | -5 015 |
| **Resultat av finanspostar** | | **26 376** | **23 897** |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 2 300 | -36 668 |
| **Årsresultat** | | **2 300** | **-36 668** |
| **Overføringar** | | | |
| Avsatt til anna eigenkapital | | 3 000 | -36 668 |
| **Sum overføringar** | | **3 000** | **-36 668** |

**Balanse**
Kystmuseet i Øygarden

| Eigedelar | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Anleggsmidlar** | | | |
| **Variege driftsmidlar** | | | |
| Tomter, bygningar o.a. fast eigedom | 4 | 100 000 | 100 000 |
| **Sum varige driftsmidlar** | | **100 000** | **100 000** |
| **Finansielle anleggsmidlar** | | | |
| Andre langsiktige fordringar | | 0 | 31 190 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **0** | **31 190** |
| **Sum anleggsmidlar** | | **100 000** | **131 190** |
| **Omløpsmidlar** | | | |
| **Fordringar** | | | |
| Kundefordringar | | 0 | 0 |
| **Sum fordringar** | | **0** | **0** |
| **Bankinnskot, kontantar o.l** | | **280 818** | **772 634** |
| **Sum omløpsmidlar** | | **280 818** | **772 634** |
| **Sum eigedelar** | | **380 818** | **903 824** |

**Balanse**
Kystmuseet i Øygarden

| Eigekapital og gjeld | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Innskott eigenkapital** | | | |
| Grunnkapital | | 50 000 | 50 000 |
| **Sum innskott eigenkapital** | | **50 000** | **50 000** |
| | | | |
| **Tent eigenkapital** | | | |
| Anna eigenkapital | | 51 113 | 48 813 |
| **Sum tent eigenkapital** | | **51 113** | **48 813** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | | **101 113** | **98 813** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Anna langsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstutisjonar | 5 | 0 | 31 190 |
| **Sum anna langsiktig gjeld** | | **0** | **31 190** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 0 | 12 500 |
| Unytta tilskot | 6 | 270 525 | 752 141 |
| Anna kortsiktig gjeld | 6 | 9 180 | 9 180 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **279 705** | **773 821** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **279 705** | **805 011** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **380 818** | **903 824** |

Øygarden den 06.05.2025

| | | |
|---|---|---|
| Børge Haugetun<br>Styreleiar | Kristin Jacobsen<br>Nestleiar | Kjersti Nordøy<br>Styremedlem |
| Jacob Hellesund<br>Styremedlem | Målfred Rong<br>Styremedlem | Lennart Fjell<br>Leiar Kystmuseet |

# STIFTINGA KYSTMUSEET I ØYGARDEN

## NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2024

### NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Drifta av Stiftinga Kystmuseet i Øygarden er konsolidert inn i Stiftinga Museum Vest frå 01.01.2005. Stiftinga Kystmuseet i Øygarden er difor frå denne dato ei «eigarstifting» som står som eigar av bygningar og samlingar.

Rekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små fortak.

Fordringar og gjeld vert klassifisert som omlaupsmidlar/kortsiktig gjeld om dei forfell innan eit år.

Varige driftsmidlar som er museumsgjenstandar vert ikkje avskrivne.

Stiftinga er ikkje skattepliktig.

### NOTE 2 TILSKOT/GÅVER

| Tilskot | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Tilskot frå Museum Vest til dekning lån | 0 | 31 000 |
| Tilskot frå øygarden kommune | 290000 | 0 |
| Sum | 290000 | 31 000 |
| Overført midlar frå balansen | 481 616 | 350 000 |
| Inntektsførte tilskot | 771 616 | 381 000 |

### NOTE 3 DRIFTSKOSTNADER

Stiftinga har ikkje hatt tilsette i perioden, og det har ikkje vore løn til dagleg leiar. Det er utbetalt styrehonorar på totalt kr. 11 250,- fordelt på 7 representantar, godtgjersla er betalt med ein sats på kr. 750,-pr. møte.

Revisjonshonorar i 2024 er betalt med kr. 22 400,-.

Reorganisering og vedlikehold av magasinet, restaurering av naust i Breivik og utvikling av kaiområdet har hatt ei kostnadsramme på tilsaman kr. 720 000,-

### NOTE 4 VARIGE DRIFTSMIDLAR

Bygg som er museumsgjenstandar er oppførte med anskaffelseskost, kr. 100 000.

**NOTE 5 PANT**

Pantsikra lån i DNB er nedbetalt pr. 31.12.2024, og bekrefting på dette er sendt Øygarden kommune.

**NOTE 6 Unytta tilskot**

Unytta tilskot og gåver vert ført som kortsiktig gjeld i balansen. Midlane vert inntektsført når kostnadane kjem.

| | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Tilskot/gåver til minnesmerke ADO | 107 344 | 107 344 |
| Kaiprosjekt | 0 | 200 000 |
| Unytta tilskot minnesmerke Turøy | 53 181 | 53 181 |
| Unytta vedlikehaldstilskot | 119 180 | 391 616 |
| Sum | 279 705 | 761 321 |

**Kystmuseet i Øygarden**
**Museumsvegen 9**
**Tlf.: 53006141**

19.02.2025 12:56:23

# Resultat- og balanserapport

| | | |
|---|---|---|
| **Periode** | **0 - 12** | **2024** |
| Prosjekt | Alle | |
| Avdeling | Alle | |
| Ansvar | Alle | |
| Område | Alle | |

Dine kommentarer her
(Ctrl+E for å endre)

unimicro

# RESULTAT

**2024**

19.02.2025 12:56:23

**Kystmuseet i Øygarden**

Side 1 av 4
Jane

| | | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Inntekter** | | | |
| 3610 | Tilskot frå Øygarden kommune | -290 000,00 | |
| 3630 | Driftstilskot Museum Vest | | -31 000,00 |
| 3651 | Vedlikehaldstilskot - frå balansen | -481 616,20 | -350 000,00 |
| **Sum Inntekter** | | **-771 616,20** | **-381 000,00** |
| **Lønnskostnad** | | | |
| 5330 | Godtgj. til styre og bedriftsforsamling | 11 250,00 | |
| **Sum Lønnskostnad** | | **11 250,00** | **0,00** |
| **Andre driftskostnader** | | | |
| 6303 | Leige sjøbua | 31 190,21 | 55 000,00 |
| 6700 | Revisjons- og regnskapshonorar | 22 458,34 | 24 500,00 |
| 6790 | Andre fremmede tjenester | 9 750,00 | |
| 7020 | Vedlikehold | 720 000,00 | 350 000,00 |
| 7400 | Kontingent fradragsberettiget | 750,00 | 750,00 |
| 7710 | Styre- og bedriftsforsamlingsmøter | | 1 095,00 |
| 7770 | Bank- og kortgebyrer | 190,00 | 220,00 |
| 7790 | Andre kostnader | 103,31 | |
| 7830 | Tap på fordringer | | 10 000,00 |
| **Sum Andre driftskostnader** | | **784 441,86** | **441 565,00** |
| **Driftsresultat** | | **24 075,66** | **60 565,00** |
| **Finansposter** | | | |
| 8030 | Utbytte SPV | -4 967,00 | -3 210,00 |
| 8040 | Renteinntekter | -22 838,00 | -25 702,00 |
| 8150 | Andre rentekostnader | 1 429,47 | 5 014,99 |
| **Sum Finansposter** | | **-26 375,53** | **-23 897,01** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **-2 299,87** | **36 667,99** |
| **Skattekostnad på ordinært resultat** | | | |
| **Sum Skattekostnad på ordinært resultat** | | **0,00** | **0,00** |
| **Ordinært resultat** | | **-2 299,87** | **36 667,99** |
| **Ekstraordinære poster** | | | |
| **Sum Ekstraordinære poster** | | **0,00** | **0,00** |
| **Årsresultat** | | **-2 299,87** | **36 667,99** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| 8960 | Overføringer annen egenkapital | 2 299,87 | -36 667,99 |
| **Sum Overføringer og disponeringer** | | **2 299,87** | **-36 667,99** |
| **Ikke disponert** | | **0,00** | **0,00** |

RESULTAT

**Kystmuseet i Øygarden**

**2024**
**19.02.2025 12:56:23**
Side 2 av 4
Jane

## Fordeling av kostnader



# BALANSE

**2024**

**Kystmuseet i Øygarden**

19.02.2025 12:56:23
Side 3 av 4
Jane

| | | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Eiendeler** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| 1120 | Bygninger - Strandberg | 100 000,00 | 100 000,00 |
| 1390 | Andre fordringer | | 31 190,21 |
| **Sum Anleggsmidler** | | **100 000,00** | **131 190,21** |
| **Kontanter og bankinnskudd** | | | |
| 1940 | Grunnfond kto 3628.71.07824 | 25 085,60 | 24 503,60 |
| 1960 | Bank - SPV kto 3628.53.00147 | 45 056,30 | 59 900,95 |
| 1970 | Høgrente SPV kto 3628.54.27732 | 156 332,00 | 634 076,00 |
| 1980 | Lånekonto DNB kto 5210.05.34479 | 963,10 | 772,78 |
| 1985 | SPV 3628.59.90364 Minnesmerke Turøy | 53 381,40 | 53 381,40 |
| **Sum Kontanter og bankinnskudd** | | **280 818,40** | **772 634,73** |
| **Sum Eiendeler** | | **380 818,40** | **903 824,94** |
| **Egenkapital Og Gjeld** | | | |
| **Egenkapital** | | | |
| 2050 | Annen egenkapital | -51 113,00 | -48 813,13 |
| 2051 | Grunnfond | -50 000,00 | -50 000,00 |
| **Sum Egenkapital** | | **-101 113,00** | **-98 813,13** |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| 2240 | Pantelån | | -31 190,21 |
| **Sum Langsiktig gjeld** | | **0,00** | **-31 190,21** |
| **Leverandørgjeld** | | | |
| 2400 | Samlekonto kreditor | | -12 500,00 |
| **Sum Leverandørgjeld** | | **0,00** | **-12 500,00** |
| **Andre kortsiktige gjeldsposter** | | | |
| 2901 | Vedlikehaldstilskot frå ØK | -110 000,00 | -391 616,20 |
| 2902 | Gåver til museet | -9 180,00 | -9 180,00 |
| 2904 | Minnesmerke ADO | -107 344,00 | -107 344,00 |
| 2905 | Forprosjekt kaiområde | | -200 000,00 |
| 2906 | Minnesmerke Turøy - prosjekt | -53 181,40 | -53 181,40 |
| **Sum Andre kortsiktige gjeldsposter** | | **-279 705,40** | **-761 321,60** |
| **Sum Egenkapital og gjeld** | | **-380 818,40** | **-903 824,94** |
| ***Nullkontroll: Eiendeler fratrukket gjeld og EK inkl. udisp.res.*** | | ***0,00*** | ***0,00*** |

BALANSE

**Kystmuseet i Øygarden**

**2024**

**19.02.2025 12:56:23**

Side 4 av 4

Jane

## Eiendeler




## Egenkapital og gjeld

